

Ny innsats mot Kong Vinter

31.01.2010



Olav Hjetland Bringedal, her i arbeid på Eik, har ei ny travel økt bak seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også i Uskedalen har det i morgontimane i dag vore nødvendig med ein ny innsats mot Kong Vinter, ein god månad etter det store snøfallet.

Denne gongen kom det truleg ikkje meir enn 20 centimeter, men snøen bles saman til skikkelege fonnar og kravde sitt både av folk og maskiner då det grydde av dag.



Vakker vinter-dekorasjon - sett innanfrå! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fonnane var opptil ei halvmeter høge og dei har ein tendens til å koma der ein minst ynskjer dei!



Birger Myklebust fresar snø på Neset. (Foto: Dag Hermansen)

Heldigvis er brøyteberedskapen høg i bygda, det vart klårt allereie under det førre snøfallet.

Også i denne omgongen er Olav Hjetland Bringedal ein av dei som har stått på. Han fortel til uskedalen.no at

han ikkje har vore i arbeid heile natta som sist, men han har hatt ei travel økt, ikkje minst på grunn av fonnane.

Også dei fleste sidevegane er brøyta allereie no ved middagstider og Opdal har vore i aksjon lenge på

riksvegen. Folk flest er naturleg nok lite begeistra over det nye snøfallet og eldre folk meiner at ein må heilt

attende til krigsåra for å finna maken.

- No går eg i hi til våren, er ein av replikkane vi har fanga opp i føremiddagstimane.

Av Ola Matti Mathisen